

**Til:**

**FOGN 21.06.2011**

Anko Nova AS  
Ved John Fredvik

Rogaland Fylkeskommune  
Ved Gunnar Eiterjord

Finnøy Kommune  
Ved Simen Auli Staff

### **UTTALE TIL REGULERINGSPLANSARBEID FOR VEGFORBINDING FOGN-BØRØY**

Fogn Grendalag viser til tilsendt planprogram(forslag) og informasjonsmøtet på Finnøy 25.05.2011 om oppstart av planarbeid for reguleringsplan Fogn,Bokn,Halsnøy og Børøy.

Når det gjeld sjølve planområdet på Fogn, velger Grendalaget å overlate eventuelle merknader til dei berørte grunneigarar i området. Det vi ønsker å fokusere på er punkt **4.6** og punkt **4.12** i planprogrammet

#### **4.6 Trafikk.**

Her kjem det fram at Planforslaget vil føre til eit heilt nytt trafikkmonster med konsekvenser for hurtigbåt og ferjer. Dagens ferjekaiar på Fogn og Halsnøy skal erstattas av ein felles ferjekai som vil medføre lengre køyring kontra dagens 2 kaiar. Valg av felles ferjekai er kanskje eit politisk spørsmål, men Fogn Grendalag ønsker allikevel allerede nå å koma med nokre synspunkt på denne sak.

Fogn ferjekai ligg ligg nærmast Strand og Stavanger, og Fogn har hatt tradisjon for skule/ arbeidpendling sørover .Fogn ferjekai ligg også i kort avstand til Judaberg. Ved reiser til og fra kommunesenteret Judaberg blir det ofte nytta ein kombinasjon av ferje og hurtigbåt, det er difo rein stor fordel at det blir felles kai for både hurtigbåt-og ferje på Fogn. Vi meiner også at dette høver med Transportplan for Ryfylke sine føringar for godt kollektiv og hurtigbåtilbod.

I henhold til statistikk for reisande er det langt større trafikk fra Fogn enn Halsnøy. Årsaken til dette er sjølvsagt høgare innbyggertall og noko annleis næringsliv. Ut fra trafikkmengde og større innslag av tungtrafikk meiner vi at det er mest naturleg at denne trafikk må få kortast mulig kjøre lengd ut fra miljø og tidshensyn.

#### **4.12 Lokalsamfunn**

Alle øyane som fell inn under dette reguleringsplanområdet er samfunn som meir eller mindre er sårbare og prega av få innbyggjarar. Vi meiner heilt klart at øya Fogn vil vil være mest robust for å møte framtida med å beholda eksisterande ferjekai. Øya ønsker å utvikle ein sterkare sentrumsfunksjon med utgangspunkt i ferje og hurtigbåtkai. Kommunen har investert i nytt moderne oppvekstsenter med gymsal og 2 fotballbanar. Det er nok mest naturleg at dette blir felles grunnskule (1-7), barnehage og skulefritidsordning for øyane Fogn,Bokn,Byre og Halsnøy.

Det er i dag opparbeida opplyst gangsti fra ferjekai til Oppvekstsenteret, og dette er praktisk reint logistikkmessing for oppvekssententeret og aktivitetar ved idrettsanlegget.

I henhold til sist vedtekne Kommuneplan for Finnøy (2007-2019), er det i tillegg avsatt fleire arealer for bustadsbygging i dette omådet. Finnøy Kommune har kjøpt arealet som grensar til dagens ferjekai og starta reguleringsarbeid for kommunalt byggefelt der det særskilt skal leggas til rette for førstegangsetablerarar. I tillegg er det ferdig regulert eit privat bustadsfelt som grensar mot det kommunale der oppføring av bustader alt i gang.

For å igjen understreka dette med sentrumsfunksjon er det også avsatt areal for 2 private byggefelt som også er i gangavstand til Oppvekstsenter, butikk og ferje/hurtigbåtkai.

Vi på Fogn har sett det som eit viktig mål å arbeida for best og enklast mulig infrastruktur i forhold til daglege gjøremål. Skal øya klare å få auka innbyggartalet og særskilt få unge familiar til øya, må det leggas til rette for god logistikk for pendlarar. Ved at ferje/hurtigbåtkaien blir liggande på Fogn argumenterer vi for at "kvardagslogstikken" og miljøhensyn bli best ivarettatt, enten ein reiser sør eller nordover.

Vi meiner at eksisterande fylkesveg på vestsida av Fogn er av god standard, og dermed ikke krever særlege utgifter til oppgradering. Vi anbefaler allikevel at planområde på Fogn blir utvida slik at vegstandarden fra Nord Fogn til ferjestøa bli kvalitetssikra i forhold til auka trafikkmengde.

Fogn Grendalag ønsker å argumentere for at eit nytt framtidig ferjesamband i kommunen må bli delt, og ikkje ei ringrute. Ved å dele "Finnøysambandet" får ein noko dårlegare frekvens, men reisetida bli mykje kortare og kapasitetsutnytting av ferjemateriell blir langt betre. Vi tenker oss ein tur/retur Judaberg-Fogn som tek all trafikk til/fra dei nye samanbundne øyane i planen, så blir neste ferjetur anløp til dei nordlige øyane i kommunen. På denne måten får både Fogn i sør og Helgøy i nord flest mulige direkteavgangar og meir effektiv reisetid til/fra Judaberg.

Heilt til slutt ønsker Fogn Grendalag å vise til nyleg vedtekne Areal og Transportplan for Ryfylke, der det er funne plass for ein framtidig undersjøisk tunnell fra Fogn til Nådå på Finnøy i Byggekloss 10. Dette syner at det er visjoner i Rogaland om at ein i framtida skal kunne reise ferjefritt fra Finnøy til Hjelmeland.

Dette kan også bli ein viktig turist/fritidstveg, og derfor fortjener prosjektet at krav til vegstandard, estetikk og miljø/sikkerhet blir satt så høgt som økonomisk forsvarleg.

Med Helsing Fogn Grendalag

Ved Leiar: Jon Olav Runestad

